



# Innkalling av Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 25.04.2023  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Alver  
**Møtetid:** 10:30 - 15:30

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Kl. 10.30-12.00:** Tema: Tenesteanalyse KS nettverk

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
023/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/23	Godkjenning av møteprotokoll 14.03.2023
025/23	Søknad om skjenkeløyve - Isushi AS
026/23	Meldingar til utval for helse og omsorg 25.04.2023

18. april 2023

Ståle Juvik Hauge  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 18.04.2023

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
023/23	Utval for helse og omsorg	25.04.2023

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 21.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/23	Utval for helse og omsorg	25.04.2023

### Godkjenning av møteprotokoll 14.03.2023

Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg:

15.03.2023

Protokoll - Utval for helse og omsorg - 14.03.2023

1897204



## Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 14.03.2023  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Alver  
**Møtetid:** 12:00 - 15:20

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	H	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Alexander Helle	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Ingrid Sødal Eidsnes	SP	Sølvi Gripsgård Knudsen-SP

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg, Tord Moltumyr-tenesteleiar lege- og rehabiliteringstenesta, Eva Mikkelsen-prosjektleiar, vSusanne Gjelsvik-avdelingsleiar NAV, Helge Kvam-Fagansvarleg fagutvikling stan helse og omsorg, Arthur Kleiveland-møtesekretær

### Sakliste

Saknr	Tittel
019/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
020/23	Godkjenning av møteprotokoll 07.02.2023
021/23	Plan for legetenesta 2023-2026
022/23	Meldingar til utval helse og omsorg 14.03.2023

## **019/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 14.03.2023:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

#### **HO- 019/23 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **020/23: Godkjenning av møteprotokoll 07.02.2023**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 14.03.2023:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes møteprotokoll for 07.02.2023.

#### **HO- 020/23 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **021/23: Plan for legetenesta 2023-2026**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar Plan for legetenesta 2023-2026 slik den ligg føre.

### **Eldreråd 13.03.2023:**

#### **Behandling:**

Tord Moltumyr-tenesteleiar lege- og rehabiliteringstenesta orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

*Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg:*

- Eldrerådet ser det som viktig å oppretthalda ei desentralisert legeteneste slik det kjem fram i Plan for legetenesta 2023-2026.
- Eldrerådet meiner kommunen må påvirka sentrale styresmakter til å få gjort noko med flaskehalsen knytt til LIS 1-ordninga (lege i spesialisering - del 1).

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

#### **ER- 015/23 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg:

- Eldrerådet ser det som viktig å oppretthalda ei desentralisert legeteneste slik det kjem fram i Plan for legetenesta 2023-2026.
- Eldrerådet meiner kommunen må påvirka sentrale styresmakter til å få gjort noko med flaskehalsen knytt til LIS 1-ordninga (lege i spesialisering - del 1).

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.03.2023:**

##### **Behandling:**

##### **Fellesframlegg:**

Rådet takkar for ein god og gjennomarbeidd plan. Det må visast fleksibilitet m.o.t. om legar er næringsdrivande eller tilsette av kommunen. Det må og stillast nok midlar til rådvelde, slik at legetenesta vert stabil og omfattande nok. Rådet støttar vegvala i kapittel 5, særleg 5.1 om fastlege nær innbyggjarane.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 014/23 Vedtak:**

##### **Uttale i RMNF - 13.03.2023:**

Rådet takkar for ein god og gjennomarbeidd plan. Det må visast fleksibilitet m.o.t. om legar er næringsdrivande eller tilsette av kommunen. Det må og stillast nok midlar til rådvelde, slik at legetenesta vert stabil og omfattande nok. Rådet støttar vegvala i kapittel 5, særleg 5.1 om fastlege nær innbyggjarane.

#### **Utval for helse og omsorg 14.03.2023:**

##### **Behandling:**

Tord Moltumyr-tenesteleiar lege- og rehabiliteringstenesta orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til innstilling:

*Kommunestyret vedtar Plan for legetenesta 2023-2026 slik den ligg føre.  
Utval for helse og omsorg sluttar seg til uttalane frå eldrerådet og RMNF.*

Utvalet vedtok samrøystes felles framlegg til innstilling sett fram i møtet.

#### **HO- 021/23 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg gjev følgjande innstilling:  
Kommunestyret vedtar Plan for legetenesta 2023-2026 slik den ligg føre.

Utval for helse og omsorg sluttar seg til uttalane frå eldrerådet og RMNF.

## **022/23: Meldingar til utval helse og omsorg 14.03.2023**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

### **Utval for helse og omsorg 14.03.2023:**

#### **Behandling:**

Det vart gjeve følgjande meldingar og orienteringar:

- NAV sosiale tenester – førebels rapport etter tilsyn 19.-20. okt. 2022 – orientering v/Susanne Gjelsvik-NAV avdelingsleiar

- Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – orientering v/Eva Mikkelsen-prosjektleiar - Statusrapport 2022 vedlagt.

Det vart også ei markering av at kommunedelplan for helse, sosial og omsorg er godkjend.

Utvalet tok samrøystes meldingar til orientering.

### **HO- 022/23 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U63, TI-&18  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 11.04.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/23	Utval for helse og omsorg	25.04.2023

## Søknad om skjenkeløyve - Isushi AS

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Isushi As , org. nr 998772184 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for alkoholgruppe 1, 2 og 3 for iSushi + Roxys Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø.
2. Løyvet gjeld for heile serveringsstaden med om lag 120 gjestar
3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå klokka 11.00 – 23.00. Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00.  
Skjenketid for gruppe 3 er alle dagar frå klokka 13.00 – 23.00.
4. Løyvet gjeld fram til 30.09.24
5. Styrar Anna Hadhazy f. 23.03.89  
Avløyser Cesilie Stendal f 06.08.81 på vilkår av vandelsgodkjenning.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29.

Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

### Saka gjeld

Søknad om alminneleg skjenkeløyve for ISUSHI AS, i omsøkte lokaler for iSushi x Roxys Knarvik i Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø. Driftskonseptet er servering av sushi og eit amerikansk «diner konsept» med f.eks burger osv.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

Alver kommune har motteke søknad om alminneleg skjenkeløyve frå ISUSHI AS i samband med ny restaurant iSushi x Roxys I Knarvik senter. Det er søkt om skjenking innomhus for all alkoholhaldig drikk. Skjenkeområdet vil bestå av to soner, ei for Roxys konsept og ei for Isushi, men gjestane bestemmer sjølv kvar dei vil sitja.



Søknaden har vore til uttale hjå politiet, NAV og skatteetaten. Det er ingen merknader til søknaden eller omsøkte personar. Styrar og avløyssar har bestått kunnskapsprøven etter alkohollova. Avløyssar vil verta vandelsgodkjent i ettertid då vedkommande ikkje var tilsett på søknadstidpunktet. Det er eit vilkår at avløyssar vert vandelsgodkjent og det må dokumenterast at avløyssar er tilsett ved staden før løyvet kan takast i bruk.

Skjenkeløyve for alkohol er heimla i alkohollova (AL) 1-7, samt kap. 4. Når vilkår etter AL er innfridd er det opp til kommunens frie skjønns og kommunens alkoholpolitiske plan å avgjera om løyve skal gjevast, AL 1-7 a «*Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingsøsker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilling. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking.*»

Det er ikkje sett grense for tal skjenkeløyve som kan innvilgast i kommunen.

I punkt 8.3 I kommunen sin alkoholpolitiske plan står det: Skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøpesenter/ butikksenter, må vera i eige skjerma lokale.

Lokala det er søkt skjenkeløyve på er i eigne skjerma lokaler på ca 120 kvm. (vedlagt teikning)

Det er søkt om skjenketid frå klokka 11.00 – 23.00 for all alkoholholdig drikk.

Ein skjenkestad må også ha fått innvilga serveringsløyvet før eit skjenkeløyve kan takast i bruk jf Serveringloven §2 og AL §1-4a. ISUSHI AS fekk innvilga serveringsløyvet i 23.03.23.

«Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.»

Jf. AL 1-6 1.ledd.

Søknaden vert innstilt med eit løyve gjeldane i inneverande løyveperiode fram til 30.09.24.

#### **Vurdering:**

I vurdering av søknaden kjem det ikkje fram opplysningar som tilseier at løyvet ikkje bør gjevast. Unntaket er at avløyssar må vandel-godkjennast før løyvet kan skrivast ut.

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren tilrår at alminneleg skjenkeløyve gruppe 1, 2 og 3 vert innvilga.

#### **Vedlegg:**

16.04.2023	Planløsning2	1911335
16.04.2023	Planløsning	1911336





**Arkiv:** <arkivID><jpid> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 12.04.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/23	Utval for helse og omsorg	25.04.2023

### **Meldingar til utval for helse og omsorg 25.04.2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast utval for helse og omsorg.

#### **Saksopplysningar**

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Kontrollverksemd alkohol mm – orientering v/Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg/Securitas AS
2. Prosjekt leiing, kostnadsforbetring og ressurseffektiv drift – status v/Eva Mikkelsen-prosjektleiar
3. Kommunepsykolog – aktivitet og ventetid – orientering v/John Petter Wadseth-fagansvarleg
4. Fysioterapi-tenesta i kommunen – orientering v/Siri Bye-avdelingsleiar
5. Arbeidsplassar/sysselsetting – samarbeid NAV og næringslag

**Kl. 10.30-12.00:** Tenesteanalyse KS nettverk kl. 10.30-12.00